



Arkivnr: 2017/815-30

Saksbehandlar: Bjørg Larsen, Britt Karen Spjeld

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.05.2017

## Revidering av retningsliner for arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale meisterskap

#### Samandrag

I Regional kulturplan (2015-25) står det at *store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknadar for næringslivet.*

Hordaland fylkeskommune har i mange år støtta ulike nasjonale og internasjonale seniormeisterskap. I Regional kulturplan er m.a. ungdom ei gjennomgåande målgruppe, og såleis foreslår fylkesrådmannen å utvide ordninga til å også å gjelde aldersbestemte meisterskap som er i samsvar med Norges idrettsforbund sine «Bestemmelser om barneidrett»

Ordninga legg opp til at aktørane må søke om støtte året før arrangementet skal gjennomførast, og at tilskot vert handsama som del av budsjettet i fylkestinget i desember. Fylkesrådmannen foreslår å endre søkerfristen for ordninga til 15. august (frå 1. mai) for å imøtegå organisasjonar som får tildelt meisterskap seinare på året.

Det same meisterskapet kan støttast frå denne ordninga i tre år. Etter det kan det ev. søkast om driftstilskot til arrangementet.

#### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek retningsliner for tilskotsordninga arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale meisterskap.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 04.05.2017**

**Retningsliner for tilskotsordning arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale meisterskap**

Idrettslag og særforbund kan søke tilskot til store nasjonale og internasjonale meisterskap som skaper stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknadar for næringslivet.

Kven kan søke:

- Organisasjonsledd tilknytta Norges idrettsforbund, Norges Bilsportsforbund og Det Frivillige Skyttervesen. Andre organisasjonar blir vurdert særskilt.
- Idrettslag med adresse i Hordaland.

Kva kan støttast:

- Det kan søkas om generell meisterskapsstøtte.
- Ordninga gjeld for alle nasjonale og internasjonale meisterskap også for aldersbestemte klassar. Arrangementa skal vere i samsvar med «Bestemmelser om barneidrett» frå Noregs Idrettsforbund.
- Meisterskap som er likestilt med nasjonale meisterskap som til dømes landsskyttarstevne kan også søke om tilskot.
- Det same meisterskapet kan støttast frå denne ordninga i tre år. Etter det kan det ev. søkast om driftstilskot til arrangementet.

Fylkeskommunen skal profileras under meisterskapet.

Ytterlegare moment ved vurdering av søknad:

- Tal og geografisk spreiing på deltagarar
- Rekruttering og opplæring av frivillige
- Budsjett med påmeldingsavgift
- Krav om kommunal medverknad
- Medie- og marknadsføringsstrategi for arrangementet
- Nasjonal mediedekning
- Tyding for lokalsamfunnet i høve til lokalt næringsliv og andre samarbeidspartnarar

Oppfølging, rapportering og kontroll:

Fristen for rapportering er 3 månadar etter gjennomført meisterskap.

Klage:

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen blir rekna frå den dagen søker motteke melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ein klage må innehalde opplysingar om kva vedtak det blir klaga over, årsaka til at det blir klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no).